



Norsk Studentunion
-stiftet 1936 -

Resolusjon

Vedtatt på NSUs Landsting 2009

Storgaten 19, 0184Oslo
Tlf: 22044950. Fax: 22424247

E-mail: nsu@nsu.no

Web: www.nsu.no

19. april 2009

Resolusjon vedtatt NSUs 55. Landsting

Betre rettssikkerheit for studentar!

I UH-lova § 3-9(1) står det at: *“Universiteter og høyskoler skal sørge for at studentenes kunnskaper og ferdigheter blir prøvet og vurdert på en upartisk og faglig betryggende måte.”* Om studentar tykkjer seg urettvist behandla på munnleg eksamen i dag, så har ein berre høve til å klage på formell feil ved sjølv gjennomføringa, ikkje på karakter. Denne mangelen på høve til klage på karakter står i UH-lova § 5-3(5): *“Bedømmelse av muntlig prestasjon og vurdering av praksisopplæring eller lignende som etter sin art ikke lar seg etterprøve, kan ikke påklages.”* Ein har derimot høve til å klage på formelle feil i samband med gjennomføringa av munnleg vurdering, men studenten må sjølv bevise at ein slik feil har skjedd. Dette vil ofte vere problematisk, då studenten ikkje har høve til å skaffe seg bevis, eksempelvis i form av lyd- og/eller videoopptak, og det ikkje eksisterer skriftlege kjelder frå eksamenssituasjonen. Studentane hamner dimed i ein ord-mot-ord situasjon med sensor og eksaminator, og vann sjeldan fram.

NSU tykkjer det er sær s problematisk at studentane mangler reelle klagemoglegheiter på munnlege vurderingar då dette svekker rettssikkerheita til studentane. Videofilming av munnlege vurderingar, under føresetnad av den einkilde student sitt samtykke, kan vere ei god løysing for å sikre at desse vert etterprøvbare. NSU krevjer at Kunnskapsdepartementet skal leggje til rette for at dei institusjonane som ønskjer å nytte seg av løysinga får moglegheit til dette slik at studentane si rettssikkerheit i ytterligere grad vert styrka!

For ytterlige kommentarer og informasjon, kontakt:

Ingvild Reymert, leder i Norsk Studentunion på tlf: 95 79 25 56

Norsk Studentunion (NSU) er en paraplyorganisasjon for studentdemokrati ved norske universiteter, høyskoler, kunst- og vitenskapelige høyskoler. Totalt 93.000 studenter er tilsluttet NSU. Siden 1936 har vi arbeidet for studentenes faglige, sosiale og økonomiske rettigheter. NSU har medlemslag ved alle sine medlemsinstitusjoner, og hovedkontor i Oslo. Mer informasjon om NSU finner du på www.nsu.no